

Flaggermusnatt på Sandane

I slutten av august blir det arrangert «Flaggermusnatt» på fleire stader over heile landet. På Vestlandet er staden Sandane, og fredag kveld kan desse mystiske og relativt lite kjende skapningane opplevast på nært hald.

F.T.: Magnar Heimset


Førstkomande fredag kveld er det dukka for ei heller uvanleg happening i kulturmetropolen Sandane. Det er ikkje operetten "Flaggermusen" det handlar om, men rett og slett ei vitskapleg flaggermusnatt, ei spennande anledning for publikum til å lære meir om desse myteomspunne, flygande pattedyra. Arrangementet er gratis, og det er berre å møte opp på Gloppen ungdomsskule.

Annleis naturoppleving

– Kvifor bør glopparar og andre interesserte møte opp på arrangementet dykkar? Spørsmålet går til føredragshaldar og representant for arrangøren, Norsk Zoologisk Forening, flaggermusentusiast Johannes Anonby.

– Flaggermus er eit spennande og svært spesielt pattedyr som mange ikkje har kunna studere på nært hald. Dette blir ei litt annleis naturoppleving som startar med ein bil-desekvens på videokanon i Kinosalen på Gloppen ungdomsskule og litt orientering om dei tekniske apparata vi brukar for å registrere dyra sine aktiviteter. Særleg er flaggermusdetektorane, som vi kan formidle flaggermusa sine høgfrekvente "radarsignal" med, interessante, seier ein engasjert Anonby.

Når det så blir passeleg mørkt, vil han ta publikum med seg ut i naturen for å finne flaggermus med ap-



parata sine. Ein vanleg art som Nordflaggermus flyg ganske høgt over bakken og vil kunne sjåast i silhuett mot himmelen, medan t.d. Vassflaggermus flyg lågt over vatnet og kan vere vanskeleg å få auga på. Men detektorane registrerer dei og gjev spennande informasjon om korleis dei orienterer seg og fangar insekt.

12 flaggermusartar

I hele Europa er det påvist rundt 40 flaggermusartar, og minst 12 av desse er påvist i Noreg. Men på grunn av dyra si nattlege levevis er det framleis mykje vi ikkje vet om dei.

– Flaggermus har alltid vore mystiske og myteomspunne, og dei blir

ofte framstilt som farlege. Artsnamn som Vampyrflaggermus er med på å forsterke dette inntrykket. Bli med på flaggermusnattarrangementet, og de vil oppdage heilt andre sider ved desse spennande, nyttige og mystiske dyra, tilrår hobbyzoologen.

– Apropos nytte; insekt, og særleg mygg og knott, kan vere reine landeplaga og "sommarens forbannelse" på våre kantar. Står knott på spisekartet til desse dyra?

Det kan ikkje Anonby svare sikkert på. Det er mange artar mygg, og han meiner flaggermusa heilt sikkert tek dei store artane. Spørsmålet er om dei vi kallar knott er for små til å ha verdi som mat for dei flygande rovdyra.

*Nordflaggermus er ein av artane ein kan oppleve på flaggermusnatta på Sandane komande fredag.
Foto: Jeroen van der Kooij*

Truga artar


Nokre artar er truga og raudlista. Anonby trur at endringane i landskapet der ein reduserer småskallandskapet, med blanding av skog og opne område som flaggermusa trivast i, kan vere ei av årsakene. Kraftutbygging med meir eller mindre tørlegging av elvestrekningar, som tener som klekkeområde for insekt, kan vere ei anna. Han meiner Sogn og Fjordane elles burde eigne seg godt for flaggermus.

– Vi må ta vare på livsmiljøet deira, seier flaggermusentusiast og rådgjevar i Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen, Johannes Anonby.

GAUPEN®

Nettopriser på 45 modeller

www.gaupen.no



- Varehengere
- Hestehengere
- Biltilhengere
- Universal hengere
- Båthengere
- Skaphengere
- Maskinhengere
- Tipp hengere

Forhandlere:

FK Byrkjelo - Tlf. 03 520
FK Sandane - Tlf. 03 520
Flølo Maskin, Sandane - Tlf. 57 86 61 66

- MEST SOLGT -